



Vang kommune

Structor Lillehammer AS
v/Tor Christensen
Fåberggata 116
2615 Lillehammer

Dykkar ref.:

Vår ref.:

LAJMAG -

Arkiv:

2026002, Skørnsnøse

Vår dato:

03.07.2026

Referat fra oppstartsmøtet - Detaljregulering for Skørnsnøse

1. Referat frå oppstartsmøte

Namn og planident til planen	Skørnsnøse 2026002
Møtedato	03.07.2026
Møtedeltakarar	Vegard Sagbakken, Vår Ragnhild Stenumgård(Structor), Morten Odden(forslagsstiller), Ingeborg Lunde, Lars Andreas Huset, Magnus Lajord(Vang kommune).
GNR/BNR	<i>Sjå planomriss</i>
Føremålet til planen	Regulere område Bjørdalen/Skørnsnøse for etablering av tilkomstveg, parkering, gondol, skinedfart, infrastruktur, mv.

2. Planforslaget(sjå vedlagt planinitiativ)

Planinitiativet	Kommunen innleia møtet. Målet med møtet er å få ein god gjennomgang av planinitiativet, forstå bakgrunnen for forslaget og diskutere dei planfaglege utfordringane og moglegheitene. Planinitiativet er ikkje i samsvar med gjeldande kommunedelplan Tyinkrysset og dei overordna arealavklaringane kommunen har gjort i den samanheng. Kommuneplanens arealdel er kommunen sitt viktigaste styringsverktøy for arealbruken, og utgangspunktet er at nye detaljreguleringar skal følgje opp dei arealvala som allereie er politisk behandla og vedtekne. Private detaljreguleringar er i utgangspunktet meint å følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel. Når det blir fremja eit planinitiativ som avvik frå overordna plan, er det
-----------------	---

særskilt viktig å få fram kva som er grunngevinga for å foreslå ei anna arealbruk enn den som ligg i gjeldande planverk.

Kommunen presiserer at sjølv om kommunen tek imot planinitiativet inneber det ikkje at kommunen har konkludert med at arealet bør disponerast annleis enn det som følgjer av overordna plan. Politisk ved kommunestyret er det gjeve uttrykk til støtte for å jobbe vidare med ei gondolsatsing på Tyin-Filefjell, men lokalisering er ikkje avklara. Kommunen må difor sikre eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere om føreslege lokalisering på Skørnsnøse er den mest eigna.

Den fyrste formelle politiske avklaringa av arbeidet vil skje ved fastsetting av planprogram. Gjennom behandlinga av planprogrammet får kommunestyret høve til å ta stilling til rammene for det vidare planarbeidet og om det er grunnlag for å arbeide vidare med dei utgreiingane som er føreslege. Det er likevel først når eit komplett planforslag ligg føre, med konsekvensutgreiingar, høyringsinnspel og samla vurderingar, at det kan takast endeleg stilling til arealbruken. Det ligg med andre ord fleire viktige vurderingar att i prosessen – både fagleg, administrativt og politisk – før kommunen kan ta endeleg stilling til planforslaget.

Planinitiativet vart vidare gjennomgått av forslagsstillar. Det er ynskje om etablering av gondol til fjellet «Skørnsnøse» med tilhøyrande nedfartar, og med det vidareutvikle Tyin-Filefjell som heilårs reiselivsdestinasjon. For å realisere gondolen må det etablerast tilkomstveg opp frå fylkesvegen (Tyinvegen) og opp til Bjørdalen. Der er det ynskje om å etablere parkeringsplassar og eventuelt hotell/varme senger. Det er og ynskje om å regulere noko areal til fritid i dette området.

Vidare er det naudsynt å etablere ein anleggsveg opp til toppen av Skørnsnøse. På denne skal ein frakte byggemateriell opp til toppen, samt at vegen vil vera viktig for drift/vedlikehald av toppstasjonen. Vegen kan og nyttast som «grøn nedfart».

For å sikre ein samanheng med det eksisterande alpinanlegget ser forslagsstillar på tilbringarheis frå «Kiladn», forbi Grihamarstølen og retning Bjørdalen.

Planforslaget utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram jf. forskrift om konsekvensutgreiing vedlegg 1 pkt. 25 og vedlegg 2 pkt. 12 a). Særskilte tema som må konsekvensutgreiast er naturmiljø, friluftsliv og landskap. Vidare skal naturfare kartleggast.

Andre relevante tema som utgreiast er trafikktilhøve, trafikktryggleik, vatn- og avløp, landbruk/beite, påverknad på friluftsområde, myr, mv.

Forslagsstillar ser utfordringar med å få til avkøyring frå fylkesvegen «Tyinvegen» innanfor gjeldande krav til utforming, og er i dialog med Innlandet fylkeskommune om å finne løysing på dette problemet.

3. Planføresetnader

Kommunedelplan for Tyinkrysset(2019) og tilgrensande reguleringsplanar	Planforslaget er ikkje i samsvar med overordna plan for området, og det blir sett krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Kommunedelplan for Tyinkrysset er gjeldande for området og skal leggst til grunn for detaljplanlegginga. Det må og takast omsyn til tilgrensande reguleringsplanar, og planar i prosess, mot «Tyinkrysset fjellstue m/alpin» og «Kiladn/Synhaug/Vesleåne» og Andstor.
Andre føringar (statlege, regionale og kommunale)	- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 - Rettleiar om planlegging av fritidsbustader(2022) - Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet - Statlige planretningslinjer for klima- og energi - NVE sin rettleiar for flaum- og skredfarekartlegging - NVE sin rettleiar for handtering av overvatn - Kommunal- og moderniseringsdep. sin rettleiar for barn og unge i plan og byggesak - Kommuneplanens samfunnsdel(2027-2040) - Kommunedelplan for Naturmangfald(2025-2033) - Temaplan for vassmiljø, Vang kommune(2026-2037)
Generelle krav til reguleringsplanen	Planforslaget skal utarbeidast etter, og i samsvar med; - Direktotatet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar for risiko- og sårbarheit - Forskrift om konsekvensutredninger - Nasjonal mal for føresegn - Det skal utarbeidast VA-plan for området - Det skal utarbeidast eigen overvassplan for området - Eigedomsgrenser som blir, eller kan bli, berørt av nye tiltak skal vera innmålt og avklara med oppmålingforretning for grunneigar/utbygger si rekning før sluttbehandling av reguleringsplan.

4. Planfaglege utgreiingar

Planfaglege vurderingar	Planforslaget er ikkje i samsvar med gjeldande kommunedelplan for området, og delvis heller ikkje i samsvar med den overordna «masterplan» for området. For å sikre ein heilskap og viktige samanhengar i alpin- og reiselivstilbodet, er det ynskjeleg at forslagsstillar utvidar plangrensa på ein føremålstenleg måte sør-austover slik at ein kjem ned til botnområdet til «Andstorheisen». Plangrensa treng då ikkje vera meir omfattande enn at ein får regulert inn areal til gondol og alpinnedfart mellom «sentrumsområdet» og Bjørdalen/mellomstasjonen. Syner her til masterplanen 2018. Dette er både viktig for å sjå at det let seg realisere med gondol heilt frå «sentrum» og opp, og dersom tilbringarheisen frå Grihamarstølen/Kiladn ikkje let seg realisere. Det vil
-------------------------	--

	vera uheldig dersom gondolen frå Bjørdalen og opp på Skørnsnøse blir liggande som ein «satellitt». Planomrisset bør elles vera litt meir detaljert. Planomrisset/planavgrensing overlappar med reguleringsplanen for Synhaug-Vesleåne ved «Kiladn» og bør justerast i høve til denne. Planavgrensinga bør avgrensast til nordsida av «Synhaugvegen», men ein bør regulere så mykje at ein får gode samanhengar mot Kileheisen. Det er planlagt bru over Begna og planfri kryssing av fylkesvegen(Nystøgovegen). Det må tidleg avklarast med fylkeskommunen korleis ein evt. skal gjennomføre kryssing av Kongevegen ved Grihamarstølen. Kommunen minner og om at det er eit våtmarksområde ved Kiladn som det skal takast omsyn til, og at det ikkje blir lagt til rette for auka aktivitet i dette området sumarstid. Planområdet Skørnsnøse overlappar med infrastruktursone H410_1 og ligg innanfor rekkefylgjekrav for sikra etablering av Andstorheisen. Det må takast omsyn til dette og i planprogrammet må det gå fram kva endringar i kdpl Tyinkrysset som evt. må gjennomførast dersom Andstorheisen ikkje er «sikra etablert» før det blir søkt om tiltak innanfor planområdet «Skørnsnøse». Det er ynskje om etablering av hotell og varme senger nedst i Bjørdalen. Det er positivt med etablering av hotell/varme senger, men kommunen er dels kritisk til denne plasseringa då det blir avstand til både etablert sentrum og potensielt framtidig sentrum på nordsida av E16. Det må gå godt fram av eit planforslag kvifor dette er ei god løysing og korleis det skal fungere saman med eit sentrum som ligg lenger ned i dalen. Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for fritidsbustadar mellom fylkesvegen og «Steinhaug». Kommunen ser fortrinnsvis at ein ikkje legg til rette for fleire fritidsbustadar innanfor dette planområdet på noverande tidspunkt, då ein innanfor relativt liten radius bygger opp ein stor tomtereserve for fritid på sørsida av E16(Synhaug-Vesleåne, Andstor, sentrum øst og vest). Areal til fritidsbebyggelse bør på generelt grunnlag avklarast i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Vedrørande konsekvensutgreiinga må det i planprogrammet greiast ut relevante og realistiske alternative plasseringar av gondolheisen jf. forskrifta § 14 c), som t.d. i Andstor. I konsekvensutgreiinga må det vurderast for naturmiljø, beite/landbruk, friluftsliv, landskap og kulturmiljø. Kommunen sitt utgangspunkt er at lokalisering av eit såpass stort tiltak normalt bør vurderast på eit overordna nivå. Forslagsstillar må gje kommunen eit tilstrekkeleg god grunnlag for å vurdere om den føreslegne lokaliseringa er betre eigna enn andre moglege alternativ i området. Er føreslege plassering den mest eigna ut frå mellom anna natur, landskap, friluftsliv, beite, infrastruktur og samla arealbruk? Finst det andre realistiske alternativ som samla sett kan gje betre måloppnåing og potensielt mindre konflikt med andre arealinteresser?
--	--

	I planforslaget må det utgreiast og gjerast gode vurderingar av trafikktilhøva og korleis eit slikt tiltak(gondolheis) vil påverke trafikkbiletet sumar- og vinterstid. Vidare må det vurderast korleis ein planlegg kanalisering av ferdsel på turstigar/sykkelløyper, og korleis ein vil knytte området saman for dei som ferdast i området. Både sumar- og vinterstid. I planforslaget bør det og vurderast bruk av rekkefylgjekrav for etablering av infrastruktur, vatn- og avløp, planfrie kryssingar, mv.
Natur, miljø og klima	Tiltak i Bjørdalen og på Skørnsnøse vil potensielt genererer meir trafikk og mykje fleire menneske til området. Innanfor planområdet er det mangelfullt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald og kartlegging av leveområde for ulike artar. Ved å etablere ein gondol til toppen av Skørnsnøse legg ein til rette for at mange fleire får tilgang til toppen av dette fjellområdet. Det vil medføre auka slitasje på naturmiljøet frå både gåande og syklande. Det er difor viktig at det blir kartlagt ut over sjølve plangrensa og at ein tek med det ein reknar med blir «influensområde» til denne planen. Dette bør og gå fram av konsekvensutgreiinga. Kommunen tilrår at ein hentar inn erfaringar frå andre samanliknbare anlegg. I planforslaget må det gå fram korleis planforslaget mellom anna vil påverke: • Våtmarksområde • Biologisk mangfald • Myrområde • Beiteområde for rein • Sårbart høgfjellsterreng • M.v. Det er og ynskeleg at forslagsstillar utarbeider areal- og klimaregnskap knytt til utbygging av planområdet.
Samfunnstryggleik og beredskap /narturfare/ROS-analyse	Sjekkliste for risiko- og sårbarheit etter rettleiar frå NVE må gjennomgåast av forslagsstiller, og faremoment som kjem fram av denne må vurderast nærare i planforslaget. For å sikre god handtering av overvatn må det utarbeidast ein eigen overvassplan for området. Skredfare er kartlagt av kommunen i overordna plan, men er av eldre dato. Flaumfare er ikkje kartlagt. Er det forslag om tiltak innanfor aktsemdskart for flaum må flaumfare kartleggast særskilt.
VA-plan	Det skal utarbeidast VA-plan for området som skal fylgje planprosessen. Ein må sikre at området har tilgjengeleg tilstrekkeleg kapasitet før det blir gjeve løyve til tiltak. Det bør og estimerast kor mykje utslepp(talet PE) planen vil legge til rette for.

Kulturlandskap og kulturminne	Det er fleire kulturminner innanfor planområdet. Handtering av desse må avklarast med Innlandet fylkeskommune ved kulturarveininga. Generelle retningslinjer for handtering av kulturminner skal ikkje innarbeidast i føresegna, men heller omtalast i planomtala. Det skal heller ikkje krav til kulturminner som elles blir fanga opp av anna lovverk som kulturminnelova.
Veg- og tekniske tilhøve	Tilkomstveg(ar) til området må avklarast og vurderast i planen. Desse må plasserast best mogleg i terrenget og ein må ta omsyn til terreng og overvatn. Ved søknad om tiltak skal det fylgje med ein lengde og tverrprofil som omtala i føresegna til overordna plan. Det er ynskjeleg at ein gjer vurderingar opp mot mjuke trafikantar og kor mykje trafikk etablering av ein gondol vil generere. Kommunen ynskjer at ein fokuserer på korleis ein kan redusere biltrafikken til eit minimum, og at planforslaget gjev ei god vurdering av korleis ein vil handtere ulike tilreisande. Forslagsstillar presiserer at avkøyring frå fylkesvegen ved «Høgseth» er krevjande å få til med dagens norm, men er i dialog med fylkeskommunen om dette. Kommunen tilrår at forslagsstillar tek tidleg kontakt med fylkeskommunen, og evt. Statens Vegvesen, vedrørande utforming av planfri kryssing over fylkesveg(ane).
Estetisk utforming og omsyn til omgjevnadane	Planområdet ligg synleg til, særskilt gondolen og eventuell toppstasjon. Evt. tiltak i Bjørdalen(bak Steinhaug) blir mindre synlege frå sentrum. Det må utarbeidast ei landskapsanalyse og fleire ulike illustrasjonar for å sikre eit godt kunnskaps- og informasjonsgrunnlag for medverknad. Gode, realistiske, illustrasjonar er viktige for å legge opp til ein best mogleg planprosess.
Behov for utbyggingsavtale	Det kan vera føremålstenleg med utbyggingsavtale knytt til ulike infrastrukturtiltak innanfor og utanfor planområdet. Ein vil vurdere behovet utover i planprosessen.
Straum	Det må etablerast nye nettstasjonar innanfor planområdet, og det må avklarast kapasitet til området med Vang energiverk. Ved bruk av solceller må det avklarast med energiverket om det eins skal vera til eige bruk, eller om det er opning for levering ut på nettet.
Særskilt behov for medverknad	Då det er eit stort planområde ynskjer kommunen å drøfte planen i regionalt planforum. Det ideelle vore å få overordna myndigheiter opp til planområdet. Kommunen vil ta initiativ og undersøke om dette er mogleg. Det vil nok vera behov for særskilte møter for medverknad med velforeiningar, naboar, rørde partar mv. Dette tek ein stilling til utover i planprosessen.
Høyringspartar	• Statsforvaltaren i Innlandet • Innlandet fylkeskommune • Norges vassdrag- og energidirektorat • Statens Vegvesen • Vang Energiverk KF • Valdres Brann og Redningsteneste • Valdres kommunale renovasjon(VKR)

	• Mattilsynet • Filefjell Tamreinlag • Forum for natur og friluftsliv • Tyin-Filefjell Turløyper • Tyin Filefjell Hytteforum/dei næraste hyttevella • Eksisterande hytteigarar som vil bli berørt av planforslaget
--	---

5. Andre moment etter forskrift §2 og §3

§2 d)	På noverande tidspunkt er det ikkje aktuelt med felles behandling av plan- og byggesak etter pbl. § 12-15.
§2 e)	Kommunen vil sende over varslingsliste og naboliste, og elles bistå med kartgrunnlag og vurderingar knytt til vatt- og avløpsplan.
§2 f)	Det vil bli behov for seinare dialogmøte mellom forslagsstillar og kommunen, særskilt knytt til teknisk infrastruktur og eventuelle utbyggingsavtaler.
§2 i)	Det er ikkje aktuelt å stoppe planinitiativet etter plan- og bygningslova § 12 – 8 andre ledd. Det er likevel viktig å presisere at det er eit kompleks planområde som ikkje er i samsvar med overordna plan.
§3	Kommunen vurderer det til at kravet til fagkyndig jf. pbl. § 12-3 fjerde ledd er oppfylt.

6. Kart

Planframstilling vil vere som digitalisert plankart (SOSI-standard). Om krav til innhald, utforming, format m.m sjå forskrift om kart, stadfesta informasjon og arealføremål.

Ved varsel om oppstart sender forslagsstiller sosi-fil med planavgrensning over til kommunen.

7. Framdrift*

Planlagt varsling	Juli 2026
Fastsetting av planprogram	November 2026
Planlagt dato for oversending av planforslag til kommunen	Februar 2027 <i>Kommunen syner til fastsett møteplan på kommunen sine heimesider. Komplett planforslag må vera sendt over til kommunen seinast 10 veker før forslagsstiller ynskjer forslaget behandla i politisk utval for høyring.</i>
Fyrstegongs handsaming i fast utval for plansaker	Mai/juni 2027

Offentleg ettersyn, 6 veker	Juni/juli/august 2027
Endeleg planvedtak i kommunestyret	Oktober/november 2027

* Skissa ovanfor viser ideell framdrift. Forskrift om sakshandsamingstid skal uansett overhaldast. Forslagsstillar har ynskje og ambisjonar om sluttbehandling i juni 2027.

Plangebyr

Behandling av planforslag blir gebyrlagt i samsvar med Vang kommune sitt gebyrregulativ. Då Skørnsnøse er eit omfattande og kompleks planområde vil kommunen fakturere etter medgått tid som p.t. er 1200kr/time. Kommunen vil sende over timelister kvartalsvis og fakturere fyrste gong ved fyrstegongs behandling, og andre gong ved sluttbehandling av planen.

Stadfesting og atterhald

Vi gjer merksam på at førehandskonferansen har karakter som gjensidig orientering og at han ikkje gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotester, utsegner frå offentlege styresmakter og politiske vedtak mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, forlenga sakshandsamingstid og endring av sakshandsamingsprosess.

Med helsing

Magnus Lajord
Arealplanleggjar
Dir. tlf.: 948 84 972
E-post: Magnus.lajord@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.